



Brandasund Fiskeforedling AS

5423 BRANDASUND

Sakshandsamar: Geir Martin Kvamme  
Telefon: 90513677  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 09/14328-1-433 (tidl.ref. 07/3843)  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 03.07.2009  
Dykkar dato:

### H-B-40 BRANDASUND FISKEFOREDLING AS 943020035 SØKNAD OM JUSTERING OG UTVIDING AV SLAKTEMERDAR PÅ LOKALITET 16281 KASTEVIKA I BØMLO KOMMUNE

Viser til Dykkar søknad dagsett 20.02.07 om utviding av anlegg for slaktemerdar på lokalitet 16281 Kastevika i Bømlo kommune, som ved ein inkurie ikkje har vorte slutthandsama før no. Det vert søkt om ei mindre justering av plassering og ein auke i MTB frå 390 t til 900 t. Fisken skal ikkje fôrast.

#### Vedtak

Med dette vert Brandasund Fiskeforedling AS, med registreringsnummer H-B-40, gjeve løyve til å justere og utvide anlegg for slaktemerdar for laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*), i tilknytning til slakteri på lokaliteten 16281 Kastevika i Bømlo kommune. Det vert gitt løyve til maksimal tillete biomasse (MTB) på 780 tonn og ikkje 900 tonn MTB som omsøkt. Fisken kan ikkje fôrast.

Nr	Lokalitet	Kommune	MTB	Koordinatar Euref89/WGS84	Konsesjonar
16281	Kastevika	Bømlo	780 tonn	59° 53.725' N 5° 06.235' Ø	H-B-40

I kartvedlegget til søknad for lokaliteten 16281 Kastevika kjem det fram at sjølve anlegget sine ytterpunkt har følgjande koordinatar:

Koordinatfestede ytterpunkt Euref-89/WGS84			
1 SV	2 NV	3 NØ	4 SØ
59° 53.720' N 5° 06.165' E	59° 53.750' N 5° 06.170' E	59° 53.760' N 5° 06.290' E	59° 53.730' N 5° 06.305' E

#### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Fiskeridirektoratet Region Vest med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og etter Forskrift av 22.12.2004 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (tildelingsforskrifta). Fiskeridirektoratet region Vest viser også til Forskrift av 22.12.2004 nr 1785 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta).

## Grunngjeving

Brandasund Fiskeforedling AS søkte 02.07.07 om løyve til ei mindre justering og utviding av slaktermerdane ved slakteriet ved Kvernavika i Bømlo kommune. Selskapet søker om ei utviding av MTB frå 390 t (omrekna frå konsesjonsvolum på 6000 m<sup>3</sup>) til 900 t.

Årsaka til at det i vedtaket ikkje vert gitt løyve til meir enn 780 tonn MTB, er jf § 15, 1.ledd, i tildelingsforskrifta, der det står ” Tillatelse til akvakultur av matfisk i sjøvann avgrensens til en biomasse på inntil 780 tonn”. Intensjonen med slaktermerdar er at brønnbåten ikkje skal trenge å ligge med anlegget til fisken er utslakta, ikkje at slaktermerdane skal nyttast i svelteperioden til fisken. Vi meiner difor at 780 tonn MTB på slaktermerdar må være meir enn nok i dagens situasjon.

Søknaden har vore kunnngjort etter retningslinene og lege ute til offentleg innsyn i Bømlo kommune. Det kom to merknader til søknaden, frå Oddrun og Leif Jan Waage, datert 10.05.2007, og frå Øystein Waage, datert 01.06.2007.

Oddrun og Leif Jan Waage skriv i sin merknad ”Til tider er det mykje fettforureining etc. på Kastevika. Difor må slangen frå rensestasjonen for blodvatn leggjast mykje lengre ut mot havet på djupare vatn, der det også er meir straum. Denne ender i dag like ved merdane, slik at det også må vera i fiskeforedlinga si interesse å få denne lengre vekk. Vidare bør sjøanlegget (merdane) flyttast/ vriast meir sørøver, slik at fett frå dødfisk, avføring etc, kjem litt lengre vekk frå innløpet til Kastevika. Ved reingjering av diverse avfallstanker må dette samlast opp, og ikkje spylast på sjøen. Elles skal Brandasund Fiskeforedling ha tilbakemelding på at det utvendige reinhaldet er blitt betre, og me ber dei fortsatt vera skikkeleg obs og på hugget, slik at luktproblema frå anlegget kan miniserast”.

Øystein Waage skriv i sin merknad ”Klage på søknad om justering av laksemærder ved Brandasund Fiskeforedling AS, pluss auka biomasse og fleire slaktermærdar. Justering er i realiteten flytting ca 100 meter. Slaktermærdene ligg i dag permanent der Brandasund Fiskeforedling no har søkt. Kva er grunnen til at det ikkje ligg der dei har løyve? Auka biomasse bidrar til meir laksefett. Brandasund Fiskeforedling hevder at det er varmen i sjøen som skaffer fram fiskedød i mærdene. Ein kan ikkje klage på sjøtemperaturen når dette gjentar seg vår, sommar og haust år etter år . Har klaga på forurensing i minst 15 år. Kor lenge skal me leve med dette? Eg synest Bømlo kommune/Fylkeskommunen med Sissel Storebø viser ein tafatt holdning til dette problemet me har her i Kastevika. Da me har klaga i mange år, så forbauser det meg at Brandasund Fiskeforedling likevel har flytta mærdene til like ved innløpet til Kastevika, og i tillegg vil auka biomasse omtrent til det dobbelte. Dette viser berre som tidligere, at tanken for eit reint miljø og hensyn til naboane har dei heilt gløymt. Kvifor godtek Bømlo kommune alt som forurenser og illeluktene vert plassert ut på moloen og innløpet til Kastevika og då nærmast oppsitjararane. Dette må føre til konflikt. Vedlegg: Bilder frå Kastevika det siste året.”

Bømlo kommune bad søkjar om kommentar på Øystein Waage sin merknad og søkjar, ved Nils Arve Eidsheim, har gjort dette i skriv av 14.08.07. I kommentar frå søkjar står det m.a. fylgjande: ”Årsaka til at merdanlegget ligg der det er omsøkt, er at det er fylt ut masse i sjøen der anlegget tidlegare låg. Dette for å utvide området. At anlegget allereie ligg på den omsøkte lokaliteten, før løyvet er gitt, kan vi bare beklage, her har ein ikkje vært klar over saksgangen og derfor har vi gjort feil. Tidlegare praksis var at ein hadde ein slingring på ca.100 m i forhold til skissa, men dette er blitt innskjerpa. Problemet med laksefett tar vi alvorlig, vi har installert og tatt i bruk 3 stk kummar, kor slammar av fett i vatnet, før vi pumpar det reinska vatnet ut på djupe. Det vi meiner er

*hovudkjelda nå, er lagringstanken på land, her er vi i desse dagar i ferd med å få på plass utstyr som hindrar fettutslipp frå tanken. Denne endringa reknar vi med skal gje merkbart betre forhold. Da er det ei kjelde att, det er merdanlegget. Her arbeider vi for å bli betre, det gjeld rutinar for å unngå at det er dødfisk med brønnbåt. Det er også viktig at ein dagleg reinskar merdane for dødfisk ved pakkeri. I løpet av vinteren, planlegg vi å skifta ut merdanlegget med røranlegg, det vil føra til at dersom det kjem fett frå merdane, kjem det ikkje ut av anlegget, da det er lukka i overflata med flyterør. ”. Det står vidare: ” Sender også med kartskisse (vedlegg 2) som viser kor avløpsleidningane går ut i Karihavet. Leidningen merka 1. er ein 160 m lang avløpsleidning for blodvatn, dette vatnet kjem frå ein lagringstank, kor vatnet vert rensa/ desinfisert med klor før det vert pumpa ut på botn. Leidningen merka 2. er 70 m lang avlaupsleidning for prosessvatn, som har gått gjennom ein vannutskillar i kummane på land” .*

Merknadane frå Oddrun og Leif Jan Waage, samt Øystein Waage, rettar seg i stor grad på forureining frå slakteri og merdanlegg, som hovudsakleg er underlagt Fylkesmannen si miljøvernavdeling sitt ansvarsområde. Fiskeridirektoratet region Vest føreset i den samanheng at vilkåra i utsléppsløyve til slakteri mm. vert overheldt og følgt opp av miljøvernavdelinga. Når det gjeld søkjar si utlegging og justering av anlegg på lokaliteten, utan at det på førehand var søkt om det, legg vi til grunn at dette skyldast ei missforståing i forhold til saksgang. Vi vil i den samanheng nytta høve til å understreke at alle slike endringar skal det søkjast om på førehand.

Bømlo kommune, Utval for drift og utvikling, handsama søknaden i møte 05.09.07 og dei tilrådde søknaden som omsøkt.

I e-post frå Karmsund Havnevesen, datert 19.10.07, står det mellom anna ” Karmsund Havnevesen IKS har ingen ferdselsmessige merknader til omsøkt endring. Det er etter vårt syn heller ikkje nødvendig å utstette ny tillatelse etter havne- og farvannslovens bestemmelser”. Vi viser i den samanheng til løyve frå Karmsund Havnevesen, dagsett 28.09.00.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga 19.11.07. Fylkesmannen skriv i sitt brev at dei ikkje har merknader i høve til plan eller kan sjå at tiltaket kjem i konflikt med prioriterte naturvern-, vilt-, eller friluftinteresser.

Søknaden er handsama av Mattilsynet, Distriktskontoret for Sunnhordland 11.02.08. Mattilsynet vurderte det dit hen at utviding av slakteriet ville medføra uka risiko for smittsam sjukdom for matfisklokalitetane i nærområdet. I dette høvet er det særleg dei 2 næraste matfisklokalitetane som kan bli ramma av ein slik auka risiko skriv dei. Den eine av desse lokalitetane, 11604 Eidøy, er i ettertid trekt tilbake. Den andre lokaliteten, 11605 Soløy Ø, er i bruk av Fylkesnes Fisk AS og det er i den samanheng inngått avtale mellom Fylkesnes Fisk AS, reiarlaget Seivåg AS og Brandasund Fiskeforedling AS om brønnbåtled for å minske risikoen. Mattilsynet DK Sunnhordland gav løyve til å justera og utvida slaktemerdlokaliteten Kastevika, lokalitetsnummer 16281 til 900 tonn på følgjande vilkår:

- Vedlagte felleserklæring mellom Fylkesnes Fisk AS og Brandasund Fiskeforedling AS gjeld slik den er formulert i vedlegget.

Vedtaket vart gjort i medhald av § 5 i Forskrift av 16. januar 2004, om godkjenning av etablering og utviding av akvakulturanlegg m.m.

Dersom slakteriet i framtida vel å nytte anna brønnbåt-reiarlag føreset Fiskeridirektoratet region Vest at slakteriet syt for at ny likelydande felleserklæring vert underskriven med nytt reiarlag.

Etter ei samla vurdering av saka etter Lov av 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur, gjev Fiskeridirektoratet region Vest med dette Brandasund Fiskeforedling AS, med registreringsnr. H-B-40, løyve til å justere og utvide ventemerdane ved lokalitet 16281 Kastevika i Bømlo kommune til maksimalt 790 tonn

### **Organisasjonsnummer**

Løyvet er gjeve til Brandasund Fiskeforedling med organisasjonsnr. 943 020 035.

### **Vilkår**

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokaliteten skal etablerast i samsvar med vedlagte kart (./.). Dersom De ynskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Fiskeridirektoratet Region Vest.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover. Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette jf. § 9 i Akvakulturlova.

Mistanke om rømming av fisk frå anlegget må så snart som råd rapporterast til Fiskeridirektoratet Region Vest. Det må vidare meldast frå om kva for tiltak som er og vil bli sett i verk for eigen gjenfangst av fisken. Konesjonseigar må gjere sitt for at anlegget skal vere så rømingssikkert som mogeleg.

Plassering og merking av anlegget må vere i samsvar med § 8 i akvakulturdriftsforskrifta, samt vilkår sett i løyve frå hamnestyresmaktene. Når det gjeld forsvarleg teknisk standard, samt drift og vedlikehald av anlegget vert det vist til Forskrift om krav til teknisk standard for installasjoner som nyttes til akvakultur av 23.12.2003.

Ved etablering pliktar verksemda å oppfylle viltlova § 3 (fredingsprinsippet). Dersom vilt set livet til og/eller er årsak til skade på oppdrettsanlegg skal konsesjonshavar straks ta kontakt med kommunen v/viltforvaltinga og Fylkesmannen si miljøvernavdeling for å drøfte aktuelle tiltak. Når det gjeld sjøpattedyr skal ein ta kontakt med Fiskeridirektoratet Region Vest. Når det gjeld andre omsyn til det omkringliggjande miljø viser ein til vilkåra i fråsegn frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at reglane i Lov av 19.12.2003 om matproduksjon og mattrygghet vert fylgde, og at konsesjonæren sjølv må bere eventuelle tap som følgje av tiltak som vert sett i verk med heimel i matlova.

### **Pliktar**

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Vi vil i denne samanheng særskild syne til akvakulturdriftsforskrifta av 22.12.2004. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no) eller ved å ta kontakt med Fiskeridirektoratet Region Vest.

De pliktar å halde Fiskeridirektoratet Region Vest orientert om når oppstart av produksjon skjer og kva konsesjonar som til einkvar tid er i drift på lokaliteten.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Hamnestyresmakter og Mattilsyn tilgang til inspeksjon av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Av omsyn til ajourhald av sjøkart og kunngjering i "Etterretningar for sjøfarande" skal underretning sendast til Statens kartverk Sjø, Postboks 60, 4001 Stavanger, så snart anlegget er lagt ut, og då med utsnittkopi av sjøkart der anlegget med plassering av fortøyingar er nøyaktig teikna inn. Gjenpart med referanse skal sendast til Kystverket, Serviceboks 2, 6025 Ålesund og Fiskeridirektoratet Region Vest.

### **Vedlegg**

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland datert 19.11.07 og Mattilsynet datert 11.02.08 samt kart med innteikning av anlegget sin godkjende plassering og klageskjema fylgjer vedlagt (./).

### **Klage**

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Fiskeridirektoratet Region Vest, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Hamnestyresmaktene.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at høve til å klaga er uttømmende nytta. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Geir Martin Kamme  
rådgjevar

Kopi til:

- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga
- Mattilsynet dk. Sunnhordland
- Karmsund Havnevesen
- Sjøkartverket
- Bømlo kommune
- Øyvind Waage
- Oddrun og Leif Jan Waage